



Rådhusvn. 11  
6770 Nordfjordeid  
Org. nr. 979 950 063  
Kontonr. 3790.10.85804

Mobil 41 46 00 42  
E-post: [post@eid.frivilligsentral.no](mailto:post@eid.frivilligsentral.no)

05.03.2015

Det kongelige kulturdepartement  
Postboks 8030  
0030 Oslo  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

## Høyringsvar til –Frivillighetserklæringen

Fråsegn frå styret i Eid Frivilligsentral:

Det er ei utfordrande og spennande "Frivillighetserklæring" som er sendt på høyring og sender følgjande innspel:

Under kapittel 2 i erklæringa ønskjer vi at det vert teke med eit punkt som t.d. kan sjå slik ut:  
-Vidareutvikle frivilligsentralane som lokalt virkemiddel for koordinering og mobilisering av frivilligarbeid.

### Grunngjeving:

Frivilligsentralane har vore eit statleg støtta virkemiddel for å auke lokal frivillig innsats, sidan 1992. Det er gjort mange gode erfaringar med dette og det finnest pr.i dag ca.400 statsstøtta og veldrivne frivilligsentralar. Vi har registrert at Regjeringa ønskjer ei vidareføring av ordninga. Det bør difor vere naturleg at Regjeringa i si frivilligerklæring tek med at dei ønskjer ei vidareutvikling av dette verkemiddelet med tanke på forenkling og samordning av lokal frivillighet.


### Forum for Frivilligsentralar

Styret i Eid Frivilligsentral støttar arbeidet med å få til ei overbygging for frivilligsentralene sine eigarar/styre. Vi ønskjer Forum for Frivilligsentralar velkomen. Vi ber om at dette forumet vert ein aktiv samarbeidspart når det gjeld regjeringa sitt arbeid med lokalt frivillig arbeid.

Vi vonar våre merknader vert teke med i det vidare arbeidet med frivilligmeldinga.

Lukke til med vidare arbeid.

Med helsing  
Eid Frivilligsentral

  
Marit Botn Lefdal  
styreleiar

# Møte mellom menneske